


Kristtorn, jola sitt eldgamle symbol



Kristtorn, treet med det blanke, eviggrøne lauvet og dei skinande raude bæra har gjennom århundre hatt ein spesiell plass i menneske-hjarto. I mange land har kristtornen høyrte med til jolefeiringa nesten frå kristendomen si først tid. Å pynta heimane med greiner og kvister av kristtorn er ein forholdsvis ny, men stadig meir utbreidd skikk i Norge, som i andre land der dette treet veks. Kristtorn veks vilt i Europa, Asia, Afrika og Nord- og Sør-Amerika. I Norge veks den frå Agder i sør, til Flørøområdet i nord, og så vidt nordom Stadt. Somme meiner at det er fuglar som har ført frøet med seg hit til lands, andre har andre teoriar om det. At jordsmonn og klima er avgjerande for at kristtorn skal veksa og trivast, er sikkert. Det er blitt fortalt at i Strandebarm går der som eit belte frå fjøra til fjells, innanfor dette belte er ikkje kristtorn å finna. Men utetter fjorden veks den villig. I Sogn og Fjordane er det gjort forsøk med dyrking og foredling til utvida produksjon av kristtorn, for å sjå om planteval og krysning kunne ha noko for seg. Men vosseklimaet likar den ikkje, vintrane her er for harde, endå tallause forsøk er gjort.

Namnet kristtorn går i dansk botanisk litteratur tilbake til 1684, når det først vart brukt i Norge, veit ein ikkje. Segna fortel at det var av kristtorn, Kristus si tornekruna var fletta, derav namnet. I daglegtale på Vestlandet vert den kalla for beinved. Tydinga av det namnet er folk usamde om. Somme meiner det kjem av den harde, kvi-

te veden er hard som bein, andre meiner det kjem av den ranke, høge veksten. Beinvidr, er det gamalnorske namnet hjå oss. Det latinske namnet er *Ilex Aquifolium*.

Kjært barn har som kjent mange namn. Og kjær er denne planten, som er å finna på gater og torg når det lid til jol, folk kjøper villig av desse vakre, dekorative greinene. Som oftast har blada kvasse taggar som tornar, men andre sortar har rundare, mjukare blad. Blomen er gul-kvit, liten og uanseleg, dei sit tett i tett. Men når blomen mognast til bær, er den eit syn å sjå i skog og mark. I tropiske strok skal det finnast ca. 300 artar av den.

I England har krittorn alltid vore høgt verdsett. Druidane rekna den for å vera heilag, og dei tok greiner inn i husa for å verna det mot ånder, og vinterens herjingar. Kvart hus, kvar kyrkja og torg i London vart pynta med kristtorn ved joletider. Då dei første utvandrarar seglde over Atlanteren til eit nytt liv på andre sida av havet, vart dei både glade og lukkelege over å finna at deira elska og høgt verdsette tre, kristtorn også var å finna der og vaks vilt i det vinterkalde Massachusetts, det var som ei helsing heim frå. Kristtorn kan bli opp til 400–500 år gamle. Og det hender at dei kan bli over 20 m høge, med ein omkrins på 3 m. Om dette eviggrøne treet er det blitt sagt: Det kan vera gamalt når du blir fødd, og ungt når ein blir gamal. Det ber i seg sol og eld, og isen sin kulde. Likar det menneska i nærleiken, trivst det og ber si rike

frukt med raude glinsande bær. Men det visnar og døyr, om det misslikar sine menneske-grannar!


Frå gammalt av har den beinharde veden blitt nytta til finare treskjæring, og til verktøy, treskjeier, auser, garnnåler osv. Med sine mest usynlege årer og elfenbenskvite ved, har den i århundre vore eit mykje etterspurd materiale til fine innlagde sølvarbeid. Som brensel er den framifrå god, og den brenn med ein blåliknande loge i open eld.

Som barn var eg med far i beinvedskog når det leid til jol, for det vaks mykje fin beinved i heimemarka vår. Det var ein fin biintekt for bøndene som hadde beinved i skogen sin. Og på mi barndoms øy, Stord, veks beinveden vilig. Stord er elles kjend for å ha ein uvanleg rik vegetasjon, med både vanlege og sjeldnare plantar. Beinveden vart bunta i hop og sendt til byen for sal. Somme år var det så det levde med raude, fine bær på kristtornen, andre år var det meir sparsamt.

Kristtorn er eit mykje vakker tre, anten den veks og blir høg og rank, eller som små buskar. Den er ein pryd i skog og mark, men også i ein hage, som mange har inkludert mellom sine mange andre vekster og plantar. Med sine glinsande blad og i bærrike år er den eit syn å sjå. Ja, jamvel som joletre har den vore pynta i barndomsheimen min.



STORD





KOMMUNEVÅPEN

Kommunevåpenet til Stord vart godkjent ved kongeleg resolusjon 19.06.87, med definisjonen: På raud grunn ein gull kristtorn-kvist. Flagget skal vera: På raud grunn ein gul kristtornkvist. Kommunevåpenet er teikna av Truls Nygård i 1987.

Navnet Stord kan koma av det gamalnorske "sturdo" eller "stirdi" som tyder høg eller stiv. Det kan og koma av eit ord som tyder fruktbar jord. Her er rik vegetasjon og høge fjell og såleis naturleg grunnlag for begge tydingane. Vi kan også finna namnet i islandsk og svensk mål.

Kva tid dei første busette seg fast på Stord er vanskeleg å svara sikkert på, men som nemnt viser funn at det ferdast folk her alt i steinalderen.

Namnet kristtorn går i dansk botanisk litteratur tilbake til 1684. Når det først vart brukt i Norge, veit ein ikkje. Segna fortel at det var av kristtorn, Kristus si tornekruna var fletta, derav navnet. I daglegtale på Vestlandet vart den kalla for beinved. Tydinga av det namnet er folk usamde om. Somme meiner det kjem av at den harde, kvite veden er hard som bein, andre meiner det kjem av den ranke, høge veksten. Beinvidr, er det gamalnorske namnet hjå oss. Det latinske namnet er *Ilex Aquifolium*.

Kjært barn har som kjent mange namn. Og kjær er denne planten, som er å finna på gater og torg når det lid til jul, folk kjøper villig av desse vakre, dekorative greinene. Som oftast har blada kvasse taggar som tornar, men andre sortar har rundare, mjukare blad. Blomen er gulkvit, liten og uanseleg, dei sit tett i tett. Men når blomen mognast til bær, er den eit syn å sjå i skog og mark. I tropiske strok skal det finnast ca. 300 artar av den.

Kristtorn kan bli opp til 400-500 år gamle. Og det hender at dei kan bli over 20 m. høge, med ein omkrins på 3 m. Om dette eviggrøne treet er det blitt sagt: Det kan vera gamalt når du blir fødd, og ungt når ein blir gamal. Det ber i seg sol og eld, og isen sin kulde.

Frå gamalt av har den beinharde veden blitt nytta til finare treskjæring, og til verktøy, treskjeier, auser, garnnåler osb. Med sine mest usynlege årer og elfenbeinskvite ved, har den i århundre vore eit mykje etterspurd materiale til fine innlagde sølvarbeid. Som brensel er den framifrå god, og den brenn med ein blåliknande loge i open eld.

Kristorn er eit mykje vakkert tre, anten den veks og blir høg og rank, eller som små buskar. Den er ein prydd i skog og mark, men også i ein hage, som mange har inkludert mellom sine mange andre vekstar og planter. Med sine glinsande blad og i bærrike år er den eit syn å sjå.

KOMMUNEVÅPEN

Ved kongelig resolusjon i Statsråd den 19. juni 1987 vart dette fastsett:

"Vedtak av Stord kommunestyre 12. mars 1987 om våpen og flagg for kommunen vert godkjent. Stord kommunes våpen skal vera:

På raud botn ein gull kristtorn-kvist.

Stord kommunes flagg skal vera:

På raud botn ein gul kristtorn-kvist".

Det hadde teke nærmere 34 år å få denne saka avgjort! Vedtaket i Stord kommunestyre den 3. desember 1953 gav kommunen eit merke som har vært nytta fram til idag, men som på fleire punkt ikkje stettar dei strenge heraldiske krava. Den gamle heradsmerkenemnda hadde valt ein loge i gull på sølv åre verna under eit sølv sperrepar som motiv mot blå bakgrunn. Og over det heile hødde den gamle nemnda bokstaveleg talt sett krona på verket. Dette kunne ikkje riksarkivaren eller Kongen i Statsråd godkjenne trass i at grua og flammen symboliserte både heim, arbeids- og åndsliv. Ja, trass i at "Sperreparet oppyver ... kan ein høveleg taka for eit merke på oppdrifti i folket, og voni som kvelver tak yver alt liv og yrke" - som den gamle nemnda uttala i si tid.

I løpet av åra har Stord kommune ved fleire høve forsøkt å få dette våpenet godkjent utan at dette har lukkast. At stormannsetta Smør med setegard på Vatna i Stord, hadde eit segl (1397 - 1425) som viser nettopp sperreparet, fekk rådmannen til å leggja fram eit forenkla forslag til nytt våpen: sølvsperrepar mot blå bakgrunn.

Men dette alternativet vart for "kaldt" samanlikna med den mjukare kristtorn-kvisten mot ein varmare raud bakgrunn - som også var eit av alternativa i saksutgreiinga for kommunestyret hausten 1986.

Etter nye seks månader med vurderingar av ulike fargevariantar på kristtorn-motivet fekk dette overvoldande tilslutning i kommunestyret. Stord kommune hadde i året for Formannskapslovene sin 150-års-feiring valt å segla vidare under godkjent flagg og med ny-(opp)pussa våpen. Gull kristtorn mot raud botn!

Og stordabuen er ikkje smålåten i sine tankar om sitt nye kommunevåpen: "Raud botn gjev riksvåpenet sin karakter over kommunevåpenet og ei varm ramme rundt motivvalet. At "tale er sølv og tagnad er gull" kan også reint symbolsk stå for at Stord kommune meiner at politikk skal vera noko meir enn ord. Gjennom fargane - styrkjer ein også sambandet mot fylkesvåpenet. (Dette) - markerar kommunen som medspelar både for stat og fylkeskommune i utforminga av det norske samfunn".

Det var ikkje uventa at Kongen i Statsråd på fylkesmannen og riksarkivaren si oppmoding var rask med å godkjenna dette.

Harry Herstad
rådmann



STORD KOMMUNE

1

RÅDMANNEN



Utval/styre: _____ Møtedag _____

F - sak nr. 102/87 12.03.87

K - sak nr. 33/87 12.03. 87

A - sak nr. _____

SAK: NYTT KOMMUNEVÅPEN

Arkiv nr.	J.nr.	Voteringsresultat	Innst.dato	Sakshandsamar
007			04.03.87	HH/køe

FORSLAG TIL INNSTILLING:

Kommunestyret sluttar seg til premissane i sak K 120/87 og vedtek å søkja godkjenning hos Kongen i Statsråd for gull kristtorn mot raud botn som nytt kommunevåpen for Stord kommune.

Harry Herstad
rådmann

RÅDMANNEN, 04.03.87:

Utvalet som er sett ned av formannskapet til å arbeida fram endeleg utkast til nytt kommunevåpen for Stord kommune drøfta seg på nytt møte den 17. februar d.å. gjennom dei ulike alternativ som konsulent Truls Nygård oversende i brev av 09.02.87.

Dei ulike forslaga vert kommentert/vurdert slik frå arbeidsgruppa:

"ALT. A. SØLV MOTIV MOT BLÅ BAKGRUNN.

Denne kombinasjonen verkar noko "kald" samstundes som botnen/bakgrunnen "overtrek" for eller reduserar motivet. Denne kombinasjonen ligg også langt frå argumentasjonen som vart framført i kommunestyret om eit varmare fargeval. Det var m.a. med utgangpunkt i slike "varme fargar" at forslaget av sølv sparre mot blå botn vart nedvotert i kommunestyret. På denne bakgrunn vart alt. a forkasta av arbeidsgruppa.

ALT. B. GRØNT MOTIV MOT SØLV BAKGRUNN.

Arbeidsutvalet sluttar seg til konsulenten sin faglege vurdering av dette alternativet: Grønt - som er ein blandingsfarge - er ikkje velsett som heraldisk farge. Dessutan vil grønt motiv (kristtorn) mot sølv/kvit bakgrunn krevja kontur-avgrensing (svart strek).

Dette er såleis eit alternativ som arbeidsgruppa ikkje vil tilrå.

ALT. C. GRØNT MOTIV MOT GULL BOTN.

Det som er sagt under vurderinga av alt. b gjeld delvis også for dette alternativet. Grøn kristtorn mot gull botn svekkjast ytterlegare som motiv då gull dominerar meir mot det grønne og kan såleis verka noko skrikande ved einskilde fargetrykk-kombinasjonar.

Arbeidsgruppa vil ikkje tilrå dette alternativet.

ALT. D GULL MOTIV MOT GRØN BOTN.

Nokon av dei argumenta arbeidsgruppa har lagt fram under vurderinga av alt. b og c kan også knytast til vurderinga av alt. d. Svart/kvit-kopien av eit slikt kommunevåpen vert heller ikkje god - noko som bryt med dei heraldiske reglane. På denne bakgrunn vert alt. d. forkasta av arbeidsgruppa.

ALT. E VURDERING AV GULL OG SØLV SOM MOTIV MOT RAUD BOTN.

Raud botn gjev "riksvåpenet sin karakter" over kommunevåpenet - og også ei varm ramme rundt motivvalet. Eit sølv-motiv trer ikkje så klårt fram mot raud botn. Bakgrunnsfarga (raud) stel kanskje noko farge frå eit sølvmotiv - og botn kjem soleis meir fram enn ønskjeleg. Dette skjer ikkje med gull som motiv-farge.

At gull-motiv ikkje mister fargekrafta mot raud botn styrkjer derfor dette metallet som motivfarge vurdert opp mot sølv.

Vurdert opp mot gull som motiv-farge rangerer dessutan sølv reint symbolsk som nr. 2.

At "tale er sølv og tagnad er gull" kan også reint symbolsk stå for at Stord kommune meiner at politikk skal vera noko meir enn ord.

Når gull mot raudt dessutan gjev varmare kombinasjon enn sølv/raudt vil valet av dette som motiv-farge vera ei direkte oppfølging av dei signal som vart gjeve i kommunevåpen-debatten i kommunestyret.

Gull-motiv styrkjer ytterlegare sambandet mot riksvåpenet og også fylkesvåpenet, noko som kan vera med å markera kommunen sin plass i det totale forvaltningssystemet, som iverksetjar av statleg politikk og som medspelar både for stat og fylkeskommune i utforminga av det norske samfunn.

KONKLUSJON:

Arbeidsgruppa har utfrå ei samla vurdering av alternativa ovanfor samt dei ulike saksmoment vedteke samrøystes å tilrå formannskap/kommunestyre å velja gull kristtorn-motiv mot raud botn som kommunevåpen for Stord kommune.

Arbeidsgruppa rår vidare formannskapet til å senda søknad til Kongen om godkjenning av dette kommunevåpenet.

Arbeidsgruppa vil vidare rå til at kommunen så snart som mogeleg etter godkjenning i Statsråd tek det nye våpenet i bruk. Arbeidsgruppa føreset at administrasjonen samordnar overgangen til bruk av nytt kommunevåpen, opptrykking av brevark o.l., tinging av flagg, vimplar o.s.b."

Rådmannen som har vore medlem i arbeidsutvalet sluttar seg til vurderinga og til tilrådinga frå arbeidsutvalet og vil rå formannskap/kommunestyre om å velja gull kristtorn-motiv mot raud botn som kommunevåpen for Stord kommune.

Søknaden om godkjenning vert vidare å senda til Kongen i Statsråd.

Søknaden sendes via fylkesmannen til Kommunal- og arbeidsdepartementet som sender denne vidare til Riksarkivaren som vert sakshandsamar.

INNSTILLING:

Formannskapet vedtok samrøystes å leggja saka fram for kommunestyret utan innstilling.

VEDTAK:

Olav Myhre sitt forslag om å utsetja saka vart nedrøysta med 25 mot 16 røyster.

Tore Tveit sitt forslag om sølv sparre på blå botn vart nedrøysta med 37 mot 4 røyster.

Kommunestyret vedtok rådmannen sitt forslag til innstilling med 39 mot 2 røyster.

Mindretalet røysta for følgjande forslag ved Magne J. Mikkelson:

"Kommunestyret vedtek å søkja godkjenning hos Kongen i Statsråd for grøn kristorn mot gull botn som nytt kommunevåpen for Stord kommune."

Går til arbeidsgruppa for nytt kommunevåpen
v/ rådmannen som melding om vedtaket.

Stord, 25. mars 1987.

Stord formannskapskontor

Fridtjov Tvedten
Fridtjov Tvedten
sekr.